



Velkommen til Minirunde i Skøyenhallen 16. og 17. januar!

Adresse:

Skøyenhallen, Monolittveien 6, 0375 Oslo

Hallen er gymsalen til Skøyen skole, ligg i praksis heilt bakerst i Frognerparken. Hallen ligg på nedsida av skulen. (Kart på neste side.)

Vegen dit:

Ta av frå Ring 3 ved Smestadkrysset. Sving ned på Sørkedalsveien. Ta av ved Borgen t-banestasjon og Vestre Gravlund. Køyr ned eit stykke i Skøyenveien, før du svingar til venstre inn Monolittveien. Hallen ligg der parken tek til, ved skulen. Sjå etter ein skiltbukk.

Parkeringsplassar:

OBS! Det er avgrensa med parkeringsplassar ved skulen og barnehagen. Det beste alternativet er gateparkering i Skøyenveien eller andre gater som ligg vest for hallen. På sundag er det også råd å stå gratis heilt i enden av Monolittveien, ved parken. (Kart neste side.)

Offentleg transport:

Borgen t-banestasjon ligg 500 meter frå hallen. Om de går av på oppsida, kryss linja gjennom undergangen, og ta strake vegen sørover gjennom Vestre Gravlund.

Det går tog til Skøyen Stasjon, men det blir fort ein dryg kilometer å gå. I oppoverbakke.

Info til laga:

Lagleiarar og trenrarar kjem gratis inn. Det er fire garderober som me prøver å fordele nokolunde rettferdig. Laglistene kan leverast til sekreteriatet. Området mellom dei to banane kan nyttast til roleg oppvarming. Premieutdelinga vil finne stad i dette området. Premieutdeling rett etter de har spelt siste kamp. Kampoppsett vil bli slått opp.

Info til publikum/agentar:

Det kostar 30,- for vaksne over 18 år å kome inn. Sjølv om tribuna er lite, ber me foreldra om å halde seg der oppe. Unnataket er under premieutdelinga, då er det lov å kome ned for å ta bilete. Men sjekk om skoa er turre og rimeleg reine. Det er kiosk med vanlege varer, og me har betalingsautomat. Det ligg ein nærbutikk 100 meter frå hallen, på nedsida, gå mot sørvest.

Hjarteleg velkommen!

